



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Vaksdal



No er det *DIN* tur! Velkomen til eit spanande år som

KONFIRMANT

Skal eg bli konfirmert?

Det er eit av dei viktige spørsmåla i ungdomstida.

Ingen skal svare på det spørsmålet for deg, sjølv om dei meiner noko om det.

Det skal vere ditt val.

KAN HENDE... er du blant dei som har bestemt deg for lenge sidan, og berre ventar på informasjon om kva som skal skje.

KAN HENDE... har du bestemt deg for å la vere, eller å konfirmere deg i eit anna kyrkjesamfunn eller borgarleg. Du kan likevel lese denne informasjonen for å vite meir om kva den kyrkjelege konfirmasjonen inneheld.

KAN HENDE... er du framleis usikker. Finn gjerne ut meir på www.konfirmant.no og www.kyrkja.no, der du kan lese meir om konfirmasjonen. Ta gjerne kontakt med ein av prestane viss du vil snakke om dette. Dersom det framleis er vanskeleg å ta ei avgjerd, er det mogeleg å vere med ei stund som konfirmant for å finne ut meir om kva det går ut på. Me forventar då berre at du er lojal mot opplegget så lenge du er med. Men vel du å ikkje vere med vidare, så seier du berre ifrå til oss. Men me trur og vonar at konfirmasjonstida kan verte ei spanande og god tid, uansett kva tru og interesser den einskilde har.

Dette brevet med informasjon er sendt til alle som er fødde i 2008 og er registrert som medlem i Den norske kyrkja i Vaksdal.

Konfirmasjonstida er ein del av kyrkjelydane si undervisning om den kristne trua. Den oppgåva har dei ovanfor alle som er døypte inn i Den norske kyrkja. Nokre av måla er at dei som er konfirmantar skal få hjelp i den trua dei har - eller til å finne fram til ei kristen tru. Det er og eit mål at dei skal få kjenne seg heime i kyrkja.

Det er høve til å vere med på opplegget utan å vere døypt. Dersom ein då ynskjer å vere med på sjølv konfirmasjonsdagen, vert ein døypt før eller på konfirmasjonsdagen.

Det er og høve til å bli med på konfirmantopplegget sjølv om ein ikkje er medlem i Den norske kyrkja.

Ta gjerne kontakt, om det er noko de lurar på.

Med helsing på vegne av kyrkjelydane

Edvard Bø, sokneprest
Tlf. 90 84 06 24
eb447@kyrkja.no

Frode Kvamsøe, sokneprest
Tlf. 90 19 65 14
fk796@kyrkja.no